

Kjære alle føresette med elevar i grunnskulen 5. – 10. trinn.

Etter mange veker med opplæring heime, er vi svært glade for at alle skular i Noreg no skal opne opp att. I løpet av veke 20, og seinast 15.mai, vil alle elevane våre vere tilbake på skulen og få møte klassekameratar, lærarar og andre tilsette igjen. Dette er svært etterlengta!

For å sikre ei trygg og god opning for **5.- 10.trinn**, blir det no arbeida med planar og organisering på alle skulane i tråd med smittevern- og forsvarleg drift.

I Bjørnafjorden kommune vil elevane på 5.-10.trinn starte opp gradvis og i tråd med nasjonale retningslinjer. Kommunane og skulane har eit lokalt handlingsrom som gir oss moglegheit til å finne løysingar som er gode for alle skulane. På grunn av gjeldande smittevern- og råd, vil det i nokre tilfelle ikkje vere nok bemanning og areal til at alle elvane kan vere der samtidig. Det blir derfor naudsynt å gjere lokale vurderingar på kvar skule.

På 5.-7.trinn vil det variere noko kva dagar dei ulike trinna startar opp i løpet av veke 20. Sjå planar for din skule.

På ungdomsskulane vil opptrappingsplanen sjå slik ut:

12.mai:10.trinn

13.mai: 9.trinn

15.mai: 8.trinn

Skyss

Rutetilbodet for skulebussar vil bli gjeninnført slik det var før 13.mars, men pga. omsyn til smittevern, vil bussane berre ha 50 % av vanleg kapasitet. For å unngå trengsel og fulle skulebussar, vil vi oppmode føresette til å køyre barna til og frå skulen i tida framover. **Det kjem eige informasjon direkte frå Skyss**

Rektor ved kvar skule vil kome med meir informasjon. Vi ønskjer både elevar, føresette og tilsette i skulen lykke til med gjenopninga og håper dei neste vekene blir gode!

Vennleg helsing Line Rye, kommunalsjef i Bjørnafjorden kommune